

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: BW2DXU

Registrert dato:

12.09.2018 21:13:13

Talet på vedlegg: 1

Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
 På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om føretak/lag/foreining

Føretak/lag/foreining

Kåås Bygg AS

Namn på innsendar

Lars Alvær Hagesæter

Rolle

Dagleg leiar

Adresse

Torvhusmyrane 2

Postnummer

5913

Poststad

Eikangervåg

Telefon

45201819

Telefaks

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Arealinnspel til kommuneplanen sin arealdel 2019-2031
 FV57 Gang- og sykkelveg Skodvin Vågseidet

Uttale

Forslag til Byggeområde for naust og småbåthamner

I planprogrammet er det sagt at ein skal sjå nærare på nye, større naustområde (8 til 15 naust) som møter følgjande krav:

tilkomst med bil

parkering

tilhøve for gåande og syklande

tilgang for ålmenta i naustområda

eventuell flytebrygge og kai skal etablerast som felles anlegg for området

Arealet som vist på vedlagte kart, gbnr 203/77, i Sauvågen vil egne seg godt til dette. Arealet er grensane til eit eksisterande naustemiljø og kan tilretteleggjast som ein forlengelse til dette - sjølvstilt i same stil.

Ein ser for seg naustrekker med små brudd mellom mindre rekker og me meiner ei utbygging på 8-12 naust er realistisk for området. Omtrent i midten av nausta vil ein få på plass ei badevik / strand som er tilgjengeleg for ålmenta. Ein ser og at dagens felles båtopptrekk i eksisterande naustmiljø er mykje nytta av ålment sjølv om det er privat eigd. I det nye naustmiljøet vil ein forsøkje å etablere felles båtopptrekk som ein gjennom avtale med kjøparar / utbyggjar sikkrar at er tilgjengeleg til ålmenta for bruk. Nærmare avtale og kostnadsfordeling med vedlikehold må ein utreda i planprossessen slik at ein sikkrar den delen av å tilretteleggje eit "åpent båtopptrekk".

Det er etablert tilkomst frå kommunalveg til eksisterande naust, og ein ser for seg å etablere ein ny tilkomst i norde enden av det foreslåtte området. Dersom det viser seg teneleg under arbeid med reguleringsplan kan ein forsøkje å knytta ny tilkomst / veg saman med eksisterande for å få ein slags ringveg - eventuelt regulere det som eigne avkjøringar til innkjøring / utkjøring.

Slik me ser det er området tilstrekkelig stort til å etablere parkering tilhøyrande nausta utan problem - omfanget av utbygginga vil definere behovet for parkeringsplassar. Ei utbygging på mellom 8 og 12 naust med tilhøyrande parkering og friareal ser me som realistisk.

Sauvågvegen er ein svært lite trafikkert veg og området ligg relativt nær Hjelmås Kai som har butikk, uansett om ein vel sjø- eller landvegen.

Sauvågen har tilkomst sjøvegen under ei bru på E-39, området begrensar seg difor til eit miljø bestående av småbåtar. Seilbåtar er ikkje aktuelt grunna høgdebegrensing på brua. Akkurat dette oppfattar me som positivt sidan ein då unngår store ruvande båtar i eit godt tilrettelagt miljø. Det trur me gjev eit meir harmonisk og heilhetleg området. Naustmiljøet er, grunna dette sundet, svært beskytta mot vær og vind har aldri bølger - bølgebrytar, molo eller lignande er difor ikkje aktuelt.

Me meiner området eignar seg godt til formålet. Det er ingen bruk av området i dag grunna terrenget og tilkomsten, ein berører difor ingenting som er nyttbar strandsone pt. Ved å gjera ei god tilretteleggjing kan ein derimot oppnå ei fin vik som er åpen for ålmenta saman med naustemiljøet - på den måten etablerer ein god bruk og tilkomst i ei strandsone som ikke vert nytta i dag.

Vedlagt dokumentliste

Skisse naustområdet 202-77.pdf